



KONTROLLUTVALET I VÅGÅ

MØTEBOK - PROTOKOLL

Møtestad	Møtedato:	Frå kl.	Til kl.	
Vågå kommunehus	16. oktober 2019	10:00	12:00	
Møteleiar:	Ove Turtum			
Møteinnkalling: (kunngjering)	Innkalling av 8. oktober 2019.			
Representantar som er borte:	Ola Aarvik			
Vararepr. som er tilstades:	Ivar Valdvik			
Til stades:	I alt: 3	Av desse ordinære medl.: 2		
Merknad:	Ingen merknad.			
Andre frammøtte:	Frå administrasjonen: Jan Egil Fossmo <i>Stein Hole</i> Sekretær Morten Sørhage førte møteboka			
Saker som vart drøfta:	Sak nr. 29 - 30/2019			
Merknader til møteboka:	Ingen merknad.			
Underskrifter:	Ove Turtum Ivar Valdvik Bjula M. Ulsletten	<i>Ove Turtum</i> Ove Turtum	<i>Ivar Valdvik</i> Ivar Valdvik	<i>Bjula M. Ulsletten</i> Bjula Marie Ulsletten

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til:

- Medlemmane og varamedlemmane av kontrollutvalet.
- Vågå kommunestyre, ordførar og administrasjonssjef
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse



**VÅGÅ KOMMUNE
KONTROLLUTVALET**

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	16. oktober 2019	Kontrollutvalet	29/2019

Vedlegg:

Oversikt utbetalingar støtte kulturrelaterte saker
Diverse statuttar utbetaling av arrangementsstøtte og kulturmidlar

STØTTE ARRANGEMENT

Kontrollutvalet protokollførte i møte 28.9.19 under OPEN POST:

Ivar Valdvik har fått innspel om arrangementstøtte i Vågå. Ut frå dette høvet ynskjer kontrollutvalet utskrift for 2018 og 2019 over utbetaling av arrangementsstøtte, samt retningslinjene for støtteordninga.

Sekretariatet har motteke etterspurt materiell. I oversikta kjem fram den einskilde saka med spesifisert beløp.

Utbetalt støtte 2018	- kr. 223 000
Utbetalt støtte hittil i 2019	- kr. 358 686

I tillegg kjem årlege kulturmidlar til idrett, song og musikk, samfunnshus og allmenne lag.

Oversikta over statuttane viser formål, målgrupper og kriteriar.

Rådmannen vil stille i møtet for spørsmål.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Ivar Valdvik viste til å ha fått innspel om bruk av midlar i forskjellige fond. Eit spesielt innspel gjekk på arrangementet Vågåkveld, med spørsmål om tilskot, underskotsgaranti og om arrangementet hadde gått i underskot. Innspela var også retta mot rutinar med ledsagerbevis og billettbetaling.

Tenesteleiari Stein Holen og rådmann Jan Egil Fossmo gjorde greie for tilhøva. Tilskot på kr. 40 000 var gjeve til forbereiing av arrangementet, med ein totalkostnad på kr. 174 000. Rekneskapet er ikkje ferdigstilt, men det er klårt at det ikkje er underskot. Det er derfor ikkje aktuelt med utbetaling av underskotsgaranti.

Utover dei faktiske tilhøva, gjorde administrasjonen greie for bakgrunn for forskjellige fond relatert til kultursektoren og arrangement, samt delegasjonsreglement på området.

Ivar Valdvik reiste forslag om full gjennomgang av dei aktuelle fonda, åtte år tilbake i tid, altså to perioder. Kontrollutvalet drøfta om dette var formålstenleg. Sekretær orienterte om dei økonomiske tilhøva med ein slik gjennomgang, samt kontrollutvalets mandat.

Kontrollutvalet ser det som viktig at tildeling er i tråd med vedtekne statuttar, og vil ha nærmere orientering.

Vedtak:

- 1) Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.
- 2) Kontrollutvalet ber om ein meir systematisk gjennomgang frå administrasjonen av internkontrollsystemet ved tildeling av midlar etter næringsfondet, kulturbasert næringsutvikling, kulturtiltak i Vågå kommune innan kulturtjenester(eks kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken) og arrangementsfondet.
- 3) Materiellet blir lagt fram for det nye kontrollutvalet, som må ta standpunkt til vidare gjennomgang.



**VÅGÅ KOMMUNE
KONTROLLUTVALET**

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	16. oktober 2019	Kontrollutvalet	30/2019

Vedlegg:
Tertialrapport 2/2019

INNLANDET REVISJON IKS – RAPPORUT 2. TERTIAL 2019

Innlandet Revisjon IKS rapporterer etter oppdragsavtalen pr. tertial. Vedlagt oppstilling viser oppdragsavtalen og ressursbruken pr. 31/8 – 19, samt prognose for året 2019.

Forslag til vedtak:
Kontrollutvalet tek tertialrapport 2/2019 til orientering.

Handsaming:
Kontrollutvalet gjekk gjennom tallmaterialet.

Vedtak:
Kontrollutvalet tek tertialrapport 2/2019 til orientering.